

Nasjonalforeningen  
for folkehelsen



Lavik  
helselag



# Lavik helselag

100 år



**Lavik helselag vart skipa i 1915** av dr. Ludvig Trædal som var den første distriktslækjaren i Lavik. Vi manglar ein del nøyaktige opplysingar om dei første leiarane, men ut i frå det vi har fått opplyst, var det distriktslækjarane som var leiarar ei tid framover. Matilde Kvammen var leiar fram til 1965, men nøyaktig når ho tok til har vi ikkje informasjon om.

Dei følgjande var leiarar etter Matilde Kvammen:

Einar Lavik 1965 – 1966

Leif A. Hellebø 1966 – 1976

Gunnvor Raa 1976 – 1982

Signy Nyland 1982 – 2005, med eit avbrekk på midten av 90-talet då Gudrun Bjørkum var leiar

Liv Helga Lammetun Nybø 2005 – 2012

Cecilie Sande 2012 – 2013

Björg Lavik Foss 2013 – 2014

Sigrid Andersen 2014 -



*Signy Nyland var leiar i 23 år. Ein markant og uredd leiar som torde sei si meining.*

Helselaga står tilslutta Nasjonalforeningen for folkehelsen, som då Lavik helselag vart skipa, heitte Nasjonalforeningen mot tuberkulose. Lavik Helseheim åpna 1. juli 1916 som tuberkuloseheim, difor var det natuleg for helselaget å vere med i kampen mot denne sjukdommen.


**Lavik helselag omfatta tidlegare seks krinslag**, dette var Øvre Lavikdal, Nedre Lavikdal, Lavik, Torvund og Raa, Norevikane og Ikjefjord krinslag. Det vart arrangert basarar og foreiningar rundt om i krinsane og krinsleiarane var automatisk med i styret for helselaget. Tidene har forandra seg og alle krinslaga er no lagt ned. I dag blir Lavik helselag leia av eit styre som er valt av medlemmane på årsmøtet.

Som nemnt manglar det ein del arkivmateriale frå før 1922. Av den informasjonen vi har, ser vi at helselaget i 1922 hadde eit overskot på kr 763,33. Noko av dette overskotet vart brukt til innkjøp av lerret som vart brukt til laken og stikkklaken som jordmora disponerte og lånte ut til barselkvinner i distriktet. Helselaget heldt ein del utstyr til utlån for sjukepleie i heimane.

*Ei sjukebåre  
vart kjøpt inn av  
krinsane og av  
rekninga frå 1963  
ser vi at den kosta  
kr. 430,-*



**I 1925 vart Brita Aven tilsett som sjukesøster** omkring i heimane. Denne stillinga vart i 1926 delt med Brekke helselag, og ho arbeidde såleis i to kommunar fram til ho slutta i 1943. Ho arbeidde óg nokre år som helsesøster i begge laga og hadde ansvaret for tuberkulinprøver og vaksinasjonar. Det var ikkje akkurat ein 8-timars arbeidsdag ho hadde. Helselaget hadde óg andre som arbeidde kring om i heimane til midten av 1954, i tillegg til å ha to husmorvikarar tilsett.



*Frå ei utstilling der eit gammalt instrumentbord frå tuberkuloseheimen blei vist fram, forskjellig utstyr frå gamle helseheimen, og utstyr frå Brita Aven sin arbeidskoffert.*

**I 1943 kom det i gang spedbarnskontroll** ved jordmor Sofie Ringereide, med kontrollstasjon ved legekontora i Lavik og Ikjefjord.

I krigsåra var det innsamling av stoff til bandasjar og varme klede til flyktingar. Det var óg utdeling av mjølk og tran til barn som trong det. I tillegg til dette vart det skaffa plass i skuleferiar for barn frå Bergen som hadde behov for eit trygt sommaropphald på landsbygda.

Då husmorskulen i Alværa vart nedlagt overlet Lavik kommune dukar og serviettar til helselaget. Desse har vore, og er framleis, til utlån ved ulike samankomstar.

Av brev frå 1963 ser vi at Lavik helselag har fått tildelt kr 280 frå Nasjonalforeningen for å sende fire husmødre på ei veker ferie. Dette var ei ordning som kom i gang i 1959 og fall bort i 70-åra.

Førebyggjande helsearbeid for barn og vaksne er noko som laget har engasjert seg i frå byrjinga av. I 1968 vart det starta opp med helsekontroll av husmødre frå 30 år og oppover. Dette vart utført etter avtale med lege annankvart år i ei tid. I ein periode var det óg ei liknande undersøking av menn som ikkje kom inn under bedriftshelsetenesta.

Det vart og nokre år arrangert turar til Bergen for mammografi og beinmåling.

Historia viser soleis at laget har starta opp ei rekke tiltak som seinare har vorte tatt over av det offentlege helseapparatet.

Då Lavik kyrkje hadde 100-årsjubileum i 1965 vart det gjeve flomlys frå helselaget.

I 1982 starta laget opp med fotpleie, noko laget framleis yter økonomisk stønad til.

**Sidan 60-åra har helselaget stelt i stand dagsturar** for dei over 60. Dette har vore populære turar som har gått i nærrområda. Dei siste åra har ikkje dette vore aktuelt då andre lag har arrangert liknande turar. Ein har difor laga julebord på Lavik Fjord Hotell, noko som har vist seg å vere eit svært populært arrangement.



Det som viser mest att av arbeidet som **Lavik helselag** har lagt ned, er **Heimlund** med 9 **aldersbustadar**. Stiftinga Heimlund vart skipa på årsmøtet i 1976, med formål om bygging og utleige av bustadar til pensjonistar. Etter mykje frivillig arbeid og korrespondanse mellom laget og kommunen, stod dei første fire leiligheitene klare til innflytting i 1977. Det vart snart behov for fleire, og i 1981 stod fem nye einingar klare for innflytting. Dette har vore, og er framleis, eit kjærkoment tilbod for mange.

**Tidleg på 80-talet** byrja ein å arrangere juletreffstar på sjukeheimen og for leigebruarane i Heimlund. Då Lavik Helsesenter stod ferdig i 1989 vart festen flytta dit og er no open for alle over 60 år.

I arbeidet med bygging av Helsesenteret var dåverande leiar Signy Nyland med i plan og byggenemnda. Det vart mange møter og mykje arbeid før det flotte bygget stod klart til innflytting i 1989.

I snart 25 år har det kvar haust i oktober vore servert ein sunn og vel-smakande frukost/lunsj både i barnehagen og på skulen, eit tiltak som er svært populært både blant barna og dei vaksne, - spesielt havregrauten.

Vi kan vel trygt seie at det arbeidet som helselaget har blitt mest kjent for er kampen for å behalde sjukeheimen i bygda. Det var ein lang og krevjande kamp og vi kunne ha skrive side opp og ned om den saka, men vi veit alle korleis det enda.

Men laget gav ikkje opp kampen om å få til noko i bygda. Før sjukeheimen var nedlagt, hadde ei gruppe starta opp arbeidet med å få bygt ein ny sjukeheim i privat regi. Det vart mykje arbeid, og dåverande leiar var i 2002 med på 45 møter, utan at det gav resultat. På ekstraordinært årsmøte i 2005 vart Lavik Helse og Rehabilitering a/s skipa, med formål å få til eit rehabiliteringssenter i tilknytning til Lavik Helsesenter. Her vart og mykje arbeid lagt ned, nye håp vart tende og sløkte, og til slutt gav ein opp og LHR a/s vart oppløyst i 2014.

Opp gjennom åra har Lavik helselag ytt pengegåver til ulike små og store

tiltak i bygda. Den siste store gåva var nye møblar, gardiner og dukar i fellesromma på Lavik Helsesenter.

Dette er berre grove trekk av kva Lavik helselag  
har arbeidd med opp gjennom tidene,  
og det er nok mykje meir som kunne vore skrive om laget.  
Men alt i alt kan vi vel påstå at det er ein aktiv og oppegående 100-åring  
vi feirar i dag.



#### Kontaktgruppa

Eit samarbeid med Soknerådet som har pågått sidan før sjukeheimen vart lagt ned. Dei har kaffikos m/musikk på helsesenteret kvar torsdag ettermiddag, og ein gang i månaden er det andakt m/kyrkjekaffi. Dette er eit arbeid som går på rundgang mellom fleire frivillige.

#### *Jubileumskomite:*

Liv Helga Nybø  
Brita Aamot  
Norunn Bruåsdal  
Oddfrid Bosdal

2015



*Lavik helselag*  
*1915 - 2015*



God helse  
heile livet

Nasjonalforeningen  
for folkehelsen

